

Alternativ til EU-medlemskap

Rannveig Eikrem, februar 04

1.0 Innleiing

Både nei-sida og ja-sida er einige om at EØS-avtalen ikkje er ei god nok løysing for Noreg. Ja-sida ser kun ein fullverdig EU-medlemskap som løysinga. Statsministeren har t.d. ved fleire tilfelle sagt at det finst ikkje noko alternativ til EØS utover ein fullverdig medlemskap i EU. Dette på tross av at NUPI, (Norsk Utenrikspolitisk Institutt) i 2003 la fram ein rapport som konkluderte med at Noreg har tre alternativ; EU-medlemskap, framhald av EØS-avtalen eller "sveitsisk løysing", altså ein frihandelsavtale. Det er denne siste løysinga Senterpartiet har programfesta.

I dette artikkelen vil eg ta for meg serleg dei to siste alternativa; EØS og "sveitsisk løysing". Kan vi endre på EØS-avtalen? Kva skjer om vi seier han opp? Er ein frihandelsavtale à la Sveits realistisk? Korleis vil EU forholde seg til Noreg ved forhandlingar om ei ny løysing?

2.0 Kan vi endre EØS-avtalen?

På kort sikt er det ikkje noko fleirtal på stortinget for å seie opp EØS-avtalen. Men ettersom så mange EØS-/EU-tilhengjarar er einige i at norske interesser vert overkjørte i EØS, burde det vere mogleg å samle oppslutning bak eit krav om å endre EØS-avtalen på dei områda han heilt klart rammar norske interesser.

Aktuelle endringar kunne ha vore at Noreg har rett til:

- ◆ å stille strengare krav til produkt ut ifrå helse- og miljøhensyn.
- ◆ å utforme regionalpolitikken uavhengig av EU sitt regelverk.
- ◆ unntak frå EU sitt anbudskrav på enkelte område, t.d. kollektivtransporten.
- ◆ å skjerme enkelte sektorar frå EU sine liberaliseringreglar, t.d. innanlandske posttenester.
- ◆ å oppretthalde konsesjonsreglar som ikkje diskriminerer mot utlendingar (t.d. reglar om heimfallsrett, reglar om bu- og driveplikt, reglar om lokal fortrinnsrett og oppdrettsanlegg)

Det er lite sansynleg at EU vil vere med på å forhandle om ei slik nedbygging av avtalen frå norsk side, men det har aldri vore prøvd på alvor. Dei partia som ser EØS som ei langvarig løysing for Noreg burde i alle fall vore interesserte i å arbeide med desse spørsmåla.

2.1 Kan vi seie opp EØS-avtalen?

Formelt sett er det enkelt å seie opp EØS-avtalen. EØS-avtalen sin artikkel 127 seier:

"Hver avtalepart kan trekke seg fra denne avtale ved å gi minst tolv måneders skriftlig varsel til de andre avtaleparter." Og det står: "straks etter varselet om at en avtalepart akter å trekke seg fra avtalen, skal de andre avtalepartene sammenkalle en diplomatisk konferanse for å vurdere endringer det måtte være nødvendig å gjøre i avtalen."

Dette betyr at ei utmelding er ein udramatisk affære. Ei eventuell utmelding vil bli følgt av forhandlingar for å finne ei praktisk løysing begge partar kan vere tjent med.

2.2 Kva vil skje etter ei utmelding?

Både Noreg og samtlege EU-land er medlemmer av WTO. EU ivaretar denne medlemskapen på vegner av medlemslanda. D.v.s. at WTO-reglane vil regulere handelen mellom Noreg og EU frå første dag etter ei eventuell utmelding. I tillegg kan det vere eit ønske frå begge sider å inngå ein avtale som går lenger i retning av frihandel enn det WTO-reglane legg opp til.

2.3 Kva er forskjellen på WTO og EØS?

Hensikta med WTO er å sikre ein stadig friare handel mellom medlemslanda. Regelverket forbyr derfor medlemslanda å auke tollsatsar eller å begrense importen på ein-sidig basis.

- ◆ EØS-avtalen har ingen toll og ingen kvotar på industrivarer. WTO tillèt både toll og kvotar, men krev at tollsatsane blir gradvis sett ned og at kvotane eter kvart blir fjerna.
- ◆ Viss det ikkje vert laga ein handelsavtale mellom EU og Noreg vil EU sine tollsatsar overfor andre land òg gjelde Noreg og omvendt.
- ◆ Noreg og EU hadde frå 1973 ein handelsavtale som innebar full tollfridom for industrivarer begge vegar. Det samme gjorde EØS-avtalen. Viss begge partar vil fortsette denne avtalen skjer det gjennom ein slik handelsavtale.
- ◆ Handelsavtalen frå 1973 er dessutan aldri sagt opp, den er berre sett til side av EØS-avtalen. Viss EØS-avtalen blir sagt opp, gjeld handelsavtalen framleis, med dei endringar som er gjort gjennom WTO-regelverket.

Handel med landbruksvarer.

EØS-avtalen omfattar ikkje EU sin landbrukspolitik og Noreg er dermed ikkje del av EU sin indre marknad for landbruksvarer. EØS-avtalen har likevel ein eigen protokoll, protokoll 3 som har som formål å auke handelen med landbruksvarer mellom EU og Noreg. Dette skal skje gjennom forhandlingar og avtalar om utviding av handelen til nye vareslag og gjennom nedbygging av tollmurar. Protokoll 3 forutsett at handelen aukar like mykje begge vegar, det har ikkje skjedd. Handelsstatistikken viser at importen har auka mykje meir enn eksporten.¹ Viss Noreg går ut av EØS fell protokoll 3 bort, dermed blir det mogleg å rette opp denne balansen. I forhandlingane i WTO om handelen med landbruksvarer er Noreg og EU på samme side.

Handel med fiskerivarer.

I EØS har Noreg fått lågare toll på ein del av fiskerieksperten til EU. Går vi ut av EØS må vi rekne med å måtte betale samme toll som alle andre for å sleppe til på EU-marknaden. Det er lite sannsynleg at vi vil klare å forhandle oss fram til lågare toll på fiskeriprodukt gjennom ein handelsavtale. Men EU har sett ned tollsatsane på fisk dei siste åra, og WTO-regelverket hindrar at dei kan settast opp att. I dag har vi ei samla tollbelastning på fisk på 2-3% av ein eksportverdi på 17 milliardar. Viss vi går ut av EØS kan tollbelastninga i verste fall bli på rundt 7%.² Ein toll på 7% har inga samfunnsøkonomisk betydning, men kan ramme enkelte foredlingsbedrifter sterkt. Men utafor EØS står vi fritt til å kompensere for slike ulemper ved f.eks å fritta bedrifter for arbeidsgivaravgift. For dei fleste bedrifter vil eit slikt fritak bety meir enn den auka tollbelastninga.

¹ Kjelde: (St.mld nr. 27 (2001-2002), 53)

² berekningar av økonomane Fritz C. Holte og Carl Erik Schultz

Handel med tenester.

Handelsavtalen frå 1974 omhandlar ikkje handel med tenester, men det gjer EØS-avtalen. Men her er statistikken så mangelfull at stortingsmeldinga ikkje seier noko om Noreg har tapt marknadsdelar, men det er grunn til å tru at vi har tapt andelar både når det gjeld bank, forsikring, tele, post og vegtransport.

EØS inneber full frihandel med dei fleste former for privat tenesteyting. For Noreg så betyr WTO samme situasjon som EØS. Derfor vil handelen med tenester stort sett foregå på samme vis som no. Men WTO-reglane gjer det likevel mogleg å innføre begrensingar på denne handelen. Utanfor EØS kan Noreg t.d. oppretthalde Posten sin einerett på distribusjon av brev under 350 g, og stå friare til å regulere bank og forsikringsnæringa ut ifrå samfunnsmessige omsyn.

Alt i alt betyr dette at handelen mellom Noreg og EU vil få omtrent samme vilkår utan EØS som med, når det gjeld marknadstilgang og tollsatsar. Det er likevel store forskjellar: WTO har ikkje det omfattande regelverket som Noreg må bøye seg for i EØS. Det finst heller ikkje noko overvåkingsorgan som påser at reglane blir fulgte, eller nokon domstol som fastslår korleis reglane skal tolkast. I WTO blir tvister løyst ved mekling.

Med EØS har ein kvar norsk domstol plikt til å dømme i saker som dreier seg om EØS-reglar. EØS-reglar blir norsk lov. WTO er avtalar mellom statar, reglane forpliktar statane, ikkje personar eller bedrifter.

WTO stiller ingen krav til at offentlege oppdrag må leggast ut på anbod slik at utanlandske selskap kan by på lik linje med innanlandske. Men dette er under press frå USA og EU.

Vil EU gå til handelskrig mot Noreg viss Noreg melder seg ut av EØS?

Sjansen for at EU vil seie opp handelsavtalen frå 1973 er liten. Grunnen til dette er at størstedelen av Noreg sin eksport til EU er råvarer og halvfabrikat som EU er heilt avhengige av som innsatsvarer i EU sitt produksjonsliv. For EU er det verken eit poeng i å stenge norsk olje ute eller å gjere ho dyrare enn nødvendig ved å legge på toll.

Det som vi kjøper frå EU er ferdigvarer. På dette området har EU vunne marknadsandelar i Noreg medan Noreg har tapt marknadsandelar i EU etter at den gjensidige tollfridomen vart etablert på 1970-talet. EU har ingen ting å vinne på å bygge opp gjensidige tollsatsar på slike varer.

Eksportvarer som metall, papir og fisk står i ei mellomstilling. Desse har konkurrentar i EU som gjerne vil ha beskyttelse. Viss EU legg vekt på å beskytte sine egne interesser kan EU komme til å legge toll på ein del slike produkt. Men etter WTO-regelverket må EU ha samme tollsatsar mot Noreg som mot andre land, med mindre Noreg og EU går inn ein handelsavtale der ein gjensidig sett tollen lågare eller fjernar den.

Konklusjon:

- ◆ Det er lite sannsynleg at EU har noko motiv for å stenge norske varer ute viss Noreg går ut av EØS.
- ◆ Det verste som kan skje er at EU brukar samme tollsatsar mot Noreg som mot andre WTO-land. I så fall kan dei balanserast med tilsvarende høge tollsatsar på norsk side.

Det sansynlege er at vi går inn ein handelsavtale som fører vidare den frå 1973, med tollfridom for handel av råvarer og industrivarer mellom EU og Noreg.

3.0 Sveitsisk modell

3.1 Sveits

I Wienerkongressen i 1815 fikk Sveits den forma vi kjenner i dag. Landet bestod av 15 samanslåtte kantonar som tidlegare hadde vore suverene statar. Dermed vart Sveits ein føderasjon med svak sentralmakt og sterke regionar med eigne lovar, domstolar og parlament. Dette får følger for spørsmålet om sveitsisk EU-medlemskap ettersom EU-medlemskap er eit samarbeid mellom sentralmaktene. Sveitsarane vil ikkje gå med på noko maktforskyving mot sentralmakta, ettersom dei primært identifiserer seg med kantonen.

Sveits er eit nøytralt land, nøytraliteten er garantert av nabolanda, og spørsmålet om nøytralitet er viktig for sveitsarane. Noko av bakgrunnen er mangfaldet av språk og kulturar. Nøytraliteten vil hindre at ulike folkeslag tek ulike sider i konflikter.

Sveits har og ei mytespunnen fortid med historier om korleis dei har kjempa mot indre splitting og ytre krefter. T.d. Willhelm Tell og Helvetia (nasjonens mor). Desse er med på å bygge opp ein sveitsisk identitet. Direkte demokrati er òg ein del av denne identiteten. Ved ein medlemskap eller eit EØS-samarbeid vil dei ikkje lenger få lov til å halde så mange direkte folkeavstemmingar.

Landet hadde ei sterk nasjonsbygging i åra før 2. verdskrigen. Fokus på væpna nøytralitet, forskjellen mellom tysk og sveitsartysk, samtidig som Sveits opplevde sterk økonomisk vekst. Dette sterke sjølvbildet har avtatt dei siste åra gjennom låg økonomisk vekst og høg arbeidsløyse (4%) og utflagging av industri.

3.2 Sveits og EU -"die Sonderweg"

Sveits var EFTA-medlem frå 1960 og hadde frihandelsavtale som Noreg frå 1972. Den første regjeringsrapporten om landets forhold til EU kom så seint som i 1988, på den tida EU heldt på å gjennomføre sin indre marknad. Rapporten konkluderte med at EU-medlemskap ikkje var eit mål for Sveits. Han la derimot fram eit forslag om at Sveits måtte finne ei tredje løysing. Denne måtte byggast på gjensidigheit og samanbinding, og rapporten sa dessutan at Sveits måtte tilpasse seg dei samme reglane som EU innførte for sin indre marknad. Regjeringa i Sveits hadde dermed allerede i 1988 forestillingar om ei tredje tilknytingsform.

Sveits så for seg at EU ville gå inn på ein avtale som bygde på avtalen frå 1972, utfylt med ei rekke bilaterale avtalar. Dette gikk ikkje EU med på. EU ville at Sveits skulle forhandle saman med dei andre EFTA-landa om det som seinare vart EØS-avtalen. Dette sa EU delvis av di Sveits var kjente som drevne forhandlarar som fleire gonger hadde opptredd som "rosinplukkarar" og fått i land gunstige avtalar for Sveits. EU vedtok derfor at alle avtalar med andre europeiske land måtte vere balanserte.

Sveits gikk inn i forhandlingar med EU saman med dei andre EFTA-landa, men fikk ord på seg for å vere vanskelege. Dei hadde vanskeleg for å gå med på at dei skulle bli nøydde til å godta EU sine lovar utan å sjølv ha vore med på å forme og vedta dei. Dei hevda at det var i

strid med det direkte demokratiet deira og at initiativretten³ deira måtte endrast og at folket sin rett til å ha folkeavstemningar for å stoppe ei vedteke lov vart svekka. Samt at EU-lovar ville ha redusert makta til kantonane til fordel for sentralmakta i Bern.

Forhandlingane skapte opprør i Sveits. Kritikarar meinte dette var ei form for minimedlemskap og at ein måtte kreve at Sveits fikk medbestemmelsesrett. Andre sa at dei måtte få sleppe å innføre lovar dei ikkje var einige i. Frå EU si side var dette utenkeleg, det ville sette EFTA-landa i ein gunstigare situasjon enn medlemslanda.

Da dei andre EFTA-landa gikk med på å godta at dei var nøydde til å ta imot lovar dei ikkje var einige i, vart Sveits sett fast, og valde tilslutt å gå med på avtalen. Dette skapte opprør i Sveits. Vidare gjorde omveltningane i Europa tidleg på 1990-talet at tidlegare nøytrale land som Austerrike, Sverige og Finland såg at det vart mogleg å søkje EU-medlemskap. Dette skapte enda meir irritasjon i Sveits, at land som hadde gått framfor i å godta EU sine krav i EØS-avtalen no hoppa av og søkte medlemskap. Og når det vart klart at alle EFTA-landa untatt Sveits og Island søkte medlemskap, sette det i gang ein debatt om EU-medlemskap i Sveits. Argumentet var at kostnadane med EØS var store og fordelane så små at dei like gjerne kunne søke medlemskap. I mai 1992 søkte den sveitsiske regjeringa medlemskap i EU.

Men så...

Sveits har tradisjon for at viktige beslutningar blir lagt ut til folkeavstemming. Når EØS-avtalen var ferdig vart det krevd at han skulle leggast ut for folkeavstemming. Til tross for at den økonomiske eliten, fagforeiningane og politikartoppar anbefalte avtalen, vart han avvist i folkeavstemming 6. desember 1992. 50,3% og ¾ av kantonane stemte imot. Etter dette vart EU-søknaden lagt på is.

Fleire år etter krevde tilhengarane av medlemskap folkeavstemming om dei skulle fortsetje forhandlingane om medlemskap. Regjeringa, som var tilhengarar, rådde folket til å stemme nei fordi det var feil tidspunkt. I folkeavstemminga i mars 2001 stemte 70% nei. Forsvar for sjølvråderetten og det direkte demokratiet, saman med frykten for stor arbeidsinnvandring og økonomiske problem, var dei viktigaste nei-argumenta.

Etter dette vart spørsmålet om EU-medlemskap tatt av den politiske dagsorden. Ettersom Sveits har tradisjon for å la det gå fleire år før ei sak blir tatt opp på nytt, vil det truleg ikkje bli aktuelt med ny avstemming før tidligst 2010. Men regjeringa har opna for avstemming i 2007 viss det er eit stabilt ja-fleirtal.

Det var ingen utbredt misnøye med resultatet, det opna tvert om for nye forhandlingar om ein to-sidig avtale som Sveits hadde ønska i utgangspunktet. Og ettersom dei andre EFTA-landa hadde ordna sine forhold til EU, var tidspunktet for forhandlingar gunstig. Forhandlingane vart starta allereie i 1993. Det var trudd at det skulle gå raskt å forhandle fram ein avtale, men først i 1998 var avtalen ferdig, og han trådde i kraft i 2002.

3.3 Den sveitsiske løysinga

Forhandlingane vart vanskelegare enn venta, ettersom EU stadig viste til sitt krav om at alle avtalar med andre europeiske land måtte vere balanserte. EU kom dermed med fleire vanskelege krav til Sveits, m.a. om transport gjennom Sveits og arbeidsinnvandring. Og

³ eit visst antal veljarar har rett til å ta initiativ til å få vedteke lovar.

opinionen i Sveits krevde folkeavstemming om alle spørsmål der regjeringa gikk langt i å gje etter for krav frå EU. Dette såg EU på som vanskelig, dei ville ikkje gå inn i forhandlingar viss resultatet vart forkasta i folkeavstemmingar, og krevde at resultatet skulle stemmast over som ein avtale.

3.3.1 Første bilaterale avtalepakke (B-1)

I 1998 var partane einige om sju sektoravtalar. Dei var og einige om å inngå ein samla pakke kalla B-1. Sveits måtte godta krav frå EU på områda om arbeidsinnvandring og transport. Avtalen trådde i kraft 1. juni 2002, og dei sju sektorane er:

◆ **Forskningsavtalen:**

Sveitsiske forskningsinstitusjonar, universitet og selskap kan delta på like fot i EU sine forskningsprogram. På det viset kan Sveits behalde styringa over sine egne forskningsprosjekt, men måtte gå med på å opne sine nasjonale forskningsprosjekt for andre. Tilsvarande ordning finst ikkje i EØS-avtalen. Sveitsavtalen opnar ikkje for deltaking i dei andre programarbeida i EU, slik EØS-avtalen gjer.

◆ **Avtale om offentlege innkjøp:**

Avtalen gir sveitsiske selskap lik adgang til EU sin marknad for offentlege oppdrag på felt knytte til vatn, transport og energisektorar. Dette er i tråd med WTO-regelverket. EU-selskap får samme rettar til å gi anbod i Sveits, inklusive kommunale oppdrag.

◆ **Avtale om tekniske handelshindringar:**

Gjensidig godkjenning av testar, sertifikat, og like kvalitetstandardar for eit stort fleirtal av industriprodukt. Det blir lagt opp til å bygge ned handelshindringar på felt som farmasøytisk industri, maskinbygging og telekom. Det trengst ikkje lenger nokon dobbeltprøving av sveitsiske produkt som skal eksporterast til EU. Dette er bra for sveitsisk eksport. Bak dette ligg det eit poeng i at Sveits har overtatt størstedelen av EU sitt regelverk og fortløpande tilpassar seg.

◆ **Avtale om handel med bearbeidde jordbruksprodukt:**

Opnar for auka gjensidig handel gjennom redusert toll og fjerning av tekniske handelshinder, men inneber ikkje ein generell fri adgang. Sveits har eit sers skjerma jordbruk, avtalen opnar berre for nokre av dei mest konkurransedykrige produkta, som ost, frukt og grønsaker. Kjøtt, kveite og mjølk har ikkje krav på lågare tollsatsar. Sjølv om avtalen på sikt har frihandel som mål, vil ikkje det seie at dei har gitt opp sveitsisk landbruk.

◆ **Avtale om lufttrafikk**

Sveits får adgang til den europeiske luftfartsmarknaden. Det inneber at sveitsiske selskap etter ein periode får nye trafikkrettar, og vil ikkje lenger trenge godkjenning for sine tariffar og flyruter i EU. På dette området har derimot Sveits gått med på å overta fullstendig EU sitt regelverk.

◆ **Avtale om landevegstransport**

EU-landa ville i denne avtalen sikre sine behov for transport gjennom Sveits. Avtalen inneber at Sveits gradvis skal opne sine vegar og jernbane for person- og godstrafikk. Ulempen med avtalen frå Sveits si side er at gjennomgangstrafikken med tungtransport vil auke fram til 2004. Bakgrunnen for dette er at Sveits hadde ei grense på 26 tonn tunge bilar, noko som medførte at tungtrafikken gikk utanom Sveits. Denne grensa måtte dei gi opp og erstatte med eit ikkje-diskriminerande avgiftsystem.

◆ Avtale om fri flyt av menneske

Seier at både EU-borgarar og sveitsiske borgarar skal kunne slå seg ned i områda til kvarandre, etter ein overgangsperiode. Avtalen omfattar alle typar arbeidarar på begge sider. Sveitsiske borgarar vil kunne nytte desse rettane to år etter at avtalen trådde i kraft, etter fem år skal det vere fri bevegelse. Men Sveits har rett til å kontrollere og, ved visse behov, begrense innvandringa innafor visse grenser dei første fem åra.

Ingen av desse avtalane, med unntak for avtalen om lufttrafikk, inneber overføring av suverenitet til EU. Samtlege avtalar vert overvåka av felleskomitear. EF-domstolen kan aldri overprøve nasjonal rett. Avtalane inneheld heller ingen bestemmelsar på at Sveits skal overta EU-lovgiving slik det er i EØS-avtalen. Det er ikkje sagt i nokon tekst, men Sveits har ”på frivillig basis” pålagt seg å tilpasse seg relevant lovgiving som kan ha innverknad på forhold utanfor landets grenser. Sveits sin praksis i å innføre EU-reglar følger stort sett EØS. 85% av den sveitsiske marknadslovgivinga er EU-tilpassa. Enkelte direktiv er direkte kopierte.

3.3.2 Den andre bilaterale avtalepakka, B-2

I 2002 starta Sveits nye forhandlingar om dei vanskelege tema om deltaking i EU sine program, handel med bearbeidde jordbruksprodukt og handel med tenester. Resultatet av desse forhandlingane skal etter planen bli ein andre bilateral avtale; B-2. Forhandlingane om desse tema vil stort sett gå greit. Problema kjem i spørsmålet om deltaking i Schengen. Sveits er redd kriminelle og asylsøkarar vil oppfatte landet som ei mogleg ”frihamn”. Sveits ønsker derfor ein avtale lik den Noreg har, men dei legg vekt på at ordninga fullt ut må ta hensyn til folkets demokratiske rettar.

B-2 omfattar:

⇒ Deltaking i EU sine nye program

Sveits ønsker å delta i det europeiske ungdomssamarbeidet, mediasamarbeidet og samarbeidet om miljøspørsmål.

⇒ Handel med bearbeidde jordbruksvarer og handel med tenester

Sveits ønsker betre tilgang til EU sine bearbeidde jordbruksprodukt og meir liberalisering når det gjeld handel med tenester. Det siste er viktig for bank- og finansverket i Sveits. EU har motkrav her.

⇒ Schengen-samarbeidet og Dublin-konvensjonen⁴

Sveits ønsker ei ordning lik den Noreg og Island har.

EU har varsla at viss Sveits skal få full tilgang til tenestemarknaden blir det venta at dei må forplikte seg til å innføre samtlege reglar frå EU. Det var slike krav som gjorde at Sveits kasta EØS-avtalen, men dei har langt på veg tilpassa seg i praksis seinare.

I forhandlingsmandatet som vart lagt fram i mars 2003 går det m.a. fram at EU krev at Sveits skal bidra økonomisk til austutvidinga. Sveits på si side meiner det ikkje finst rettslege forpliktingar i avtaleverket som tilseier det.

Ettersom EU står så hardt på i forhandlingane, er det mange som meiner at Sveits kanskje må nøye seg med den første avtalepakken. Og medan næringslivsorganisasjonar i andre land har

⁴ Dublinkonvensjonen (av 15. juni 1990) er ein konvensjon som fastsett kva stat som er ansvarleg for behandlinga av ein asylsøknad som blir inngjeven i ein av medlemsstatane i EU. Frå 1. september 1997 blei Schengenkonvensjonens kapittel 7 erstatta av Dublinkonvensjonen.

vore pådrivarar for EU-medlemskap, er Economiesuisse (sveitsiske NHO) nøgd med den avtalen som forelegg med EU, og meiner dei kan klare seg utan den andre avtalepakken.

3.4 Vurderingar i Sveits av "Sveitsisk løysing"

Når Sveitsisk næringsliv har vore kritisk både til EØS-avtale og søknad om medlemskap, har det bakgrunn i Sveits sin rolle som produsent av bank- og finanstenester. Det var òg ei frykt for at for nær tilknytning til EU ville hindre det liberale sveitsiske skattesystemet. Utviklinga EØS-avtalen har hatt, har berre styrkt skepsisen i Sveits.

Det blir understreka at avtalen har fjerna viktige handelshinder samtidig som at demokratiet er heldt intakt etter tradisjonen. Det kan virke rart at avtaleverket blir så lite kritisert. Noko av grunnen kan vere den sveitsiske pressa sin tradisjon for ikkje å kritisere forhandlingar før dei er i hamn. Ein årsak kan vere at forhandlingane var så lange og harde at dei var letta over at dei kom i havn. Det kan òg vere ei psykologisk effekt i at avtalen ikkje har nokon domstol over seg.

Men det finst òg kritiske stemmer. Fleire har peika på at avtalen skapar uforutsigbarheit som kan skape uvisse i næringslivet. Samtidig blir kanskje avtalen lite kritisert fordi eventuelle tvister må løysast i fellesråd med EU der ofte den sterkaste makta, EU, vinn.

3.5 "Sveitsisk løysing" og EØS

Hovudforskjellen mellom EØS-avtalen og Sveits sin avtale ligg ikkje i sjølve innhaldet, men i måten tilpassinga til EU skjer. EØS gir EU den leiande rollen, og regelverk som blir inngått i EU blir automatisk innførte i EØS-landa, utan at dei har delteke i beslutningsprosessen. Den Sveitsiske avtalen inneheld ingen forpliktingar til å tilpasse seg EU sitt regelverk. Sveits kan derfor i prinsippet la vere å innføre reglar innafor eit av dei sju avtaleområda. Derimot har Sveits og EU ei gjensidig forståing om at regelverket bør tilpassast EU sitt. Sveits gjennomfører dermed EU-regelverket frivillig, medan EØS-landa ikkje har noko val.

Ein annan forskjell er at EØS-avtalen er dynamisk og let seg tilpasse nye situasjonar, medan den "sveitsiske løysinga" ikkje er det. Store endringar vil kreve nye forhandlingar med EU.

EØS-avtalen er i utgangspunktet meir omfattande, unntaket er på landbruk og luftfartsområda. Der går den sveitsiske avtalen lenger. På luftfart har den sveitsiske avtalen element av overnasjonalitet.

3.6 "Sveitsisk løysing" og Noreg

Noreg og Sveits står stort sett i samme stilling i forhold til EU. Begge står utafør eit forpliktande samarbeid mellom 500 millionar europearar. Begge står utafør utviklinga, og spørsmålet er korleis dei best kan tilpasse seg.

Men det er og ulikskapar. Sveits ligg i Europa sitt hjerte, medan Noreg ligg i ein utkant. Ein annan forskjell er at Noreg var utsett for antidumpingstiltak frå EU før vi fikk EØS-avtalen. Noko slikt var aldri Sveits utsett for. Vurderinga av kva tilpassing som er best blir eit spørsmål om økonomiske argument og politisk nødvendighet i konkurranse med hensyn til

nasjonale verdier, sjølvråderetten og demokratiet. Ein enkel frihandelsavtale lik den vi hadde frå 1972 vil ikkje vere tilstrekkelig.

Vil EU-landa gå med på at Noreg får ei ”sveitsisk løysing”? Det er godt mogleg, viss Noreg går inn for det. Eit anna spørsmål er kor lang tid det vil ta, og kva det vil koste. Hovudprinsippet til Noreg vil vere at vi skal få adgang til den frie marknaden og til ulike EU-program. Men til forskjell frå EØS, vil tilpasningar vere sjølvbestemt av dei norske styresmaktene. Erfaringane frå Sveits viser at forskjellane er små. Demokrati var eit viktig argument for sveitsisk nei-side. Demokrati er òg viktig for nordmenn.

På norsk side vil ein vere opptatt av at:

- handelen med tenester blir vidareført,
- at norsk fiskeeksport får tilgang til EU-marknaden
- eit fortsatt ønske om å delta i EU sine mange program om forskning, ungdomsutveksling m.m.
- krav om at schengen-avtalen og vetrinæravtalen blir vidareført.

EU vil halde på prinsippet om at avtalar med land utanom EU skal vere balanserte i ulemper og fordelar. EU vil antageleg kreve at:

- Noreg fortsatt følger EU sine energidirektiv
- at EU-bedrifter sin moglegheit til å kjøpe opp og etablere seg i Noreg vidareførast.
- Norsk krav om marknadstilgang for fisk vil bli møtt med motkrav om tilgang på ressursar.
- I tillegg vil vi møte eit ønske frå Danmark og Sverige og antageleg og Polen på å få betra tilgang til det norske marknaden når det gjeld landbruksprodukt.

Forhandlingane Noreg førte for ein ny EØS-avtale viste at forhandlingane med EU blir tøffare i framtida. Noreg vil dessutav vere i ein anna utgangssosisjon enn Sveits ettersom vi allereie har EØS-avtalen. Det er neppe gunstig å seie opp ein avtale som var gunstig for EU, for så å gå inn i nye forhandlinga med eit mål om eit betre resultat for oss. I tillegg har EØS-avtalen ei oppseiingstid på eitt år, noko som vil legge press på forhandlingane om å bli ferdige på eitt år. Sveits og EU brukte nesten ti år på å bli ferdige med den første bilaterale avtalen, og tre-fire år på å få han sett i verk. Vi kan tenkje oss at Noreg vil starte forhandlingane før vi formelt seier opp EØS-avtalen.

Resultatet av eventuelle forhandlingar med EU vil vere avhengig av styrken i forhandlingane. EU er vanlegvis ein vanskeleg forhandlingsmotstandar på grunn av sine praktiske reglar. Dei samlar først inn krav frå sine medlemsland, for så å sette dei saman til eit rimeleg balansert krav. I etterkant kan det komme krav frå medlemsland som gjer EU ubalanserte. EU blir dermed gjerne lite fleksible. Til slutt må avtalepakken godkjennast i alle medlemslanda, noko som gjerne tek eit par år.

Viss vi får samla nok politisk vilje er det fullt mogleg å gå inn for dette alternativet. Men da må vi først samle einigheit om at EU ikkje er det rette alternativet for Noreg. Som eksportørar av olje og gass til EU, som er netto-importørar på området, vil vi ha gode pressmiddel. Striden kjem til å stå om fiskeriressursar. I alle fall så vil Noreg kunne klare å få til ein avtale som ikkje underlegg oss direkte EU sine reglar. Ein avtale som gir norske styresmakter tilbake høvet til å sette i verk eigne økonomiske tiltak for å stimulere næring og rette opp konkurranseulemper som set oss i stand til å konkurrere på EU-marknaden. Og vi vil få tilbake moglegheita til å bruke dei økonomiske verkemidla vi vil.

4.0 Kjelder

- ⇒ Tankekart Europa, Norge og EU: Medlemskap eller ”sveitsisk løsnig”, NUPI, 2003
- ⇒ Sveitsisk løsnig, Sverre Jervell, NUPI, 2003
- ⇒ Alternativ til EØS, NTEU, 2003